


Kunnskapsdepartementet

 Postboks 8119 Dep
 0032 Oslo



Uttale om framlegg til endring av Forskrift nr 1191 §8-1

Høgskulen i Sogn og Fjordane stør framlegget frå departementet om å endre fordelinga av ansvar for handsaminga av klager som gjeld dispensasjon frå kravet om generell studiekompetanse.

Vi meiner at det er viktig at dei lokale klagenemndene framleis skal ha mynde til å avgjere om ein søkjar med dokumentert rett til dispensasjon er kvalifisert for eit gitt studium. Ansvar for handsaminga av klage på rangering av søkjar med innvilga dispensasjon bør også ligge hjå dei lokale klagenemndene.

Vi er likevel overtydd om at det er hensiktsmessig at den nasjonale klagenemnda handsamar klagesaker som gjeld vilkåra for å få innvilga dispensasjon, slik at praksis for tildeling av dispensasjon blir så lik som mogleg, uavhengig av kva institusjon som er opptaksorgan. Høgskulen i Sogn og Fjordane stør derfor framlegget til endringar av Forskrift nr. 1191 av 10. oktober 2005, §8-1 (2).

Med helsing


 Åse Løkeland
 rektor


 Terje Bjelle
 studiedirektør